

Informasjon om nytt vegnett ved ferjeavløysingsprosjekt

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut som nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet når eit ferjesamband blir erstatta eller korta ned av ein ny veg. Endringar i kriteriedata for vegnøkkelen er ein del av denne utrekninga, og det er derfor nødvendig med nærare informasjon om det nye vegnettet for å kunne rekne ut storleiken på ferjeavløysingsmidlane.

Endringane i kriteriedata for vedlikehaldsbehovet (MOTIV) blir rekna ut av Vegdirektoratet på vegner av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For å kunne rekne ut endringar i MOTIV-tala i samband med ferjeavløysingsprosjektet, treng Vegdirektoratet opplysningar om endringar i veglengda som følgje av det nye vegprosjektet, og ein trafikkprognose. Veglengda må delast inn etter vegtype/vegelement og følgje inndelinga i tabellen under. Vegstandard på dei ulike vegtypane/vegelementa må òg gå fram.

Opplysningane om endringar i vegnettet som følgje av det nye vegprosjektet bør rapporterast etter følgjande oppsett:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Vegstandard*	Brutype / tal på tunnellop**
Veg i dagen			
Veg på sjøfylling			
Bru			
Tunnel (landtunnel)			
Undersjøisk tunnel			
Sum ny veg		<i>Ikkje aktuelt</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>

* Til dømes to felts veg, to- og trefeltsveg med/utan midtrekkverk eller firefelts veg. Viss ein vegtype har ulik standard på ulike delar av strekninga, kan dette spesifiserast ved å setje inn fleire rader for same type vegelement.

** Brutype viss kjent. For alle tunnelar må det gå fram om det er eitt eller to løp.

Trafikkprognosane bør vise overslag på årsdøgntrafikk (ÅDT) i opningsåret.